



Majo Egedom AS
Lindåsvegen 154
5916 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/8131 - 22/84195

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:
04.11.2022

Mellombels bruksløyve for del av tomannsbustad - gbnr 196/30//9 Midtgård

Administrativt vedtak: Saknr: 1243/22
Tiltakshavar: Majo Egedom AS
Ansvarleg søkjar: Majo Egedom AS
Søknadstype: Søknad om mellombels bruksløyve

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd vert det gjeve mellombels bruksløyve for del av tomannsbustad på gbnr 196/30 på vilkår:

- 1. Mellombels bruksløyve gjeld Leknesvegen 239 A på gbnr 196/30//9**
- 2. Ferdigattest skal liggja føre innan 12.12.2022.**

Ansvarleg søkjar har ordna med nødvendig sluttokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt, med unntak av nokre mindre vesentlege arbeid. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og rammeløyve i saka datert 25.10.2021.

Mellombels bruksløyve gjeld del av tomannsbustad med adresse Leknesvegen 239 A og seksjonsnr. 9.

Ansvarleg søkjar har stadfesta at byggverket har tilfredsstillande tryggleiksnivå til å takast i bruk. Følgjande arbeid står att:

1. Del av tomannsbustad med adresse Leknesvegen 239 B og seksjonsnr. 10.

Ansvarleg søkjar har opplyst tidspunkt for ferdigstilling til: 12.12.2022.

Det vert elles vist til søknad mottatt 02.11.2022.

VURDERING

Kommunen legg mottoken dokumentasjon til grunn og vurderer at det står att mindre vesentleg arbeid, og finn etter ei samla vurdering at det kan skrivast ut mellombels bruksløyve for del av tomannsbustad med seksjonsnr. 9.

Skildring

Adresse:	Leknesvegen 139 A
Bygningstiltak:	Tomannsbustad
Bygningsnummer:	300956249
Bruksareal:	120 m ²
Avløp:	Kommunalt
Vatn:	Kommunalt
Tal på røykløp:	1

Oppfølging av mellombels bruksløyve

Dersom søknad om ferdigattest ikkje ligg føre innan opplyst frist skal kommunen gje pålegg om ferdigstilling. Pålegg om ferdigstilling kan gjennomførast ved sanksjoner.

Bygningen eller delar av han må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve.

Regelverk

- Krav til sluttkontroll og ferdigattest følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.
- Kommunen kan gje mellombels bruksløyve før ferdigattest, jf. pbl § 21-10 tredje ledd.
- Kommunen skal følgje opp mellombels bruksløyve som er gått ut på dato og eventuelt gi pålegg om ferdigstilling, jf. pbl kapittel 32.
- Viss du skal endre bruken av bygningen krev dette søknad, jf. pbl § 20-1 bokstav d).

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 21/8131

Med vennleg helsing
Alver kommune

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Majo Eigedom AS

Lindåsvegen 154 5916

ISDALSTØ